



Årdal kommune
Årdal eldreråd

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 20.04.2021

Møtetid:

Kl. 12.30 - 15.30

Møtestad: Møterom Offerdalen

Saksnr.:

Følgjande medlem møte
Ida Thune
Odd Øvregard
Oddgeir Øren
Odveig Borlaug
Steinar Drægri
Patricia S. Lægreid – møtande vara

Møteleiar:	Steinar Drægri
Frå adm. møte:	Møtesekretær
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Merknader:

Underskrifter:

Odveig Borlaug

Odd Øvregard

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
010/21	Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll
011/21	Fellesmøte med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
012/21	Den kulturelle spaserstokken - utlysing av tilskot 2022
013/21	Korleis finne protokoll frå møta til politiske utval?
014/21	Orientering om Motiview sykkel/film løysing
015/21	Ringbuss, servicekyss
016/21	Informasjon om prosjekt "Aktivitetsvenn"
017/21	Ymse

010/21: Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll

20.04.2021 Årdal eldreråd

ÅER- 010/21 Vedtak:

Protokollen vert kontrollert og signert av Odd Øvregard og Odveig Borlaug.

011/21: Fellesmøte med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

20.04.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Kommunalrådet foreslår å slå saman junimøta og finna ein fellesdato i september.

ÅER- 011/21 Vedtak:

7. juni kl. 12:00 - 15:00

21. sept kl. 12:00 - 15:00

012/21: Den kulturelle spaserstokken - utlysing av tilskot 2022

20.04.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Program 2022

Mogleg samarbeid med pensjonistlaget i Årdal, båttur og kulturelt opplegg ved "Ne' fø' sjøen"

I tillegg program som i 2020:

Musikalste innslag på sjukeheimane og ÅBO

Mobil kunstutstilling til sjukeheimane og ÅBO

Steinar og møtesekretær fiksar søknad om midlar for 2022.

Rapport 2020 (tildeling for 2020 - kr. 46.000)

Konsertar på sjukeheimane og ÅBO

Kunstutstillingar til sjukeheimane og ÅBO

Eldredagen utsett pga Korona.

Steinar lagar eit oppsett.

ÅER- 012/21 Vedtak:

Sekretær og Leiar sende søknad og rapport.

013/21: Korleis finne protokoll frå møta til politiske utval?

20.04.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Sekretæren vise korleis å finne fram til Protokollar til utvala.

ÅER- 013/21 Vedtak:

Saka teke til viten.

014/21: Orientering om Motiview sykkel/film løysing

20.04.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Hilda Nese har laga eit eige opplegg med sykkel og skjermar der elevar på skulane har laga filmar som dei eldre kan nyta på sjukeheimane. Dette gjeld på Årdal sjukeheim og Seimsdal sjukeheim.

ÅER- 014/21 Vedtak:

Eldrerådet ser saka som løyst.

015/21: Ringbuss, servicekyss

20.04.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Det er vanskeleg å følgja med i saka, der er lite svar å få. Så Nils Solheim har teke tak i denne saka sjølv og gjev eldre meir enn dei kunne forventa seg.

Serviceskyss går i tillegg. Kunne dette vore informert om på heimesida til kommunen.

Eldrerådet er oppgitt over manglande svar å få frå det offentlege (kommunen og fylkeskommunen m.m)

ÅER- 015/21 Vedtak:

Eldrerådet tek saka til viten, me følge med Nils Solheim og bistår ved behov.

016/21: Informasjon om prosjekt "Aktivitetsvenn"

20.04.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Sekretær har vidaresendt informasjonen til Nasjonalforeiningen for Folkehelsen om Aktivitetsvenn - "Gjer noko du likar saman med nokon som har demens"

Raude kors Årdal har tenesta Besøksven som er ganske likt.

ÅER- 016/21 Vedtak:

Saka er teke til viten.

017/21: Ymse

20.04.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Steinar spør om Eldrerådet skal ta kontakt med Heidi Skeie og prøva å arrangere rulotor og rullestol løp ved ÅBO? Eit fast program til den kulturelle spaserstokken. Einstemmig vedteke. Steinar jobbar vidare med denne.

Patricia ynskjer at kanskje Eldrerådet kunne møtes felles og teke eit webinar ang medisinerer via Pensjonistforbundet. 29. april 12-13. Einstemmig vedteke.

Patricia ynskjer at rådet går vidare med saka om å få innstilla til ny kommunal fotterapeut. Steinar lagar ein uttale frå Eldrerådet som skal gå til Kommunalsjef Helse og omsorg for å få gang i saka. Sekretæren sende denne vidare til kommunalsjefen.

Steinar ynskjer å gjennomgå synfaring i nærmiljøa og laga ein rapport til kommunen. Steinar tek dette vidare med Bjørn Indrebø eller Oskar Seim.

Steinar har lest siste protokollen for utvalet Helse, omsorg og NAV. Der står det: utvalet er kun i stadium med å laga forslag til prosjektmandat. M.m.

Oddgeir: 12. april - oppslag i Sogn Avis ang ambulansefødsler. Han har eit ynskje at kanskje Eldrerådet kan komma med ein uttale i saka. Det er barnebarna som kjem til verda på denne måten. Uttalen vert diskutert. Rådet syns saka er veldig viktig, men det er uvist om Eldrerådet er rette arean for vidare kamp.

Årdal eldreråd ynskjer ikkje å fronte saka men oppfordrar Oddgeir Øren å sende denne til Kommunen og Politisk utval for helse, omsorg og NAV v/Sigmund Solvoll.

ÅER- 017/21 Vedtak:

Sakane er diskutert og teke til viten.